



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Ørskog kommune

Tilsynsdato: 28.02.2018

Rapportdato: 10.04.2018

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor summera opp nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	13.12.2017 (formøte) 28.02.2018 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Øyravegen 11, 6240 Ørskog
Kommunenummer:	1523
Kontaktperson i kommunen:	Åse Karin Gjære
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Møgstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	21.03.2018
Endeleg tilsynsrapport sendt:	10.04.2018

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Ørskog kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2018.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Beredskapsoversyn - Ørskog kommune	Ikkje datert
2.	Heilskapleg ROS-analyse – Ørskog kommune	19.05.2014
3.	ROS-analyse av brann- og ulykkesberedskapen i Ørskog kommune	01.01.2017
4.	Notat – Beredskapsansvar i kommuneadministrasjonen, og bruk av DSB-CIM	05.02.2018
5.	Beredskapsplan 2017 – 2018 – Ørskog kommune og varslingslister	23.11.2017
6.	Plan for krisekommunikasjon – Ørskog kommune	Ikkje datert
7.	Plan for psykososialt kriseteam – Ørskog kommune	28.04.2017
8.	Kommunal Planstrategi for Ørskog kommune 2017 – 2020	23.02.2017
9.	Kommuneplan 2007 – 2019 Samfunnsdelen	30.08.2007
10.	Konsekvensanalyse Fjellskred frå Åkneset	Ikkje datert
11.	Beredskapsplan for fjellskred – Samordning av tiltak	21.06.2016
12.	Beredskapsplan for fjellskred – Flytting av kommunale verksemder	01.09.2016
13.	Referat møte i beredskapsrådet 11.12.2017	11.12.2017
14.	Referat frå møte i beredskapsleiinga 28.08.17	28.08.2017
15.	Referat møte i beredskapsrådet 28.04.2017	28.04.2017
16.	Notat - Møte i beredskapsrådet 19.08.2016	20.08.2016
17.	Referat møte i beredskapsrådet 21.06.16	21.06.2016
18.	Referat møte i beredskapsrådet 08.01.16	08.01.2016
19.	Referat møte i beredskapsrådet 24.08.2015	24.08.2015
20.	Referat møte i beredskapsrådet 26.05.15	26.05.2015
21.	Referat møte i beredskapsrådet 17.12.14	17.12.2014
22.	Referat møte i beredskapsleiinga 27.01.17	27.01.2017
23.	Evaluering Øving Fårikål 2017	23.10.2017
24.	Evaluering Øving Fårikål 2016	Ikkje datert
25.	Evalueringsrapport etter øving Sjøholt skule	Ikkje datert
26.	Evaluering av beredskapsøving	Ikkje datert
27.	Plan for helsemessig og sosial beredskap i Ørskog kommune	Ikkje datert
28.	Pandemiplan for Sørviskontoret/ Sentraladm.	Ikkje datert
29.	Pandemiplan for Ørskog sjukeheim/ Heimetenestene	Ikkje datert
30.	Beredskapsplan mot akutt forureining – Ørskog kommune	Ikkje datert
31.	Avtale i høve krisesituasjon med behov for evakuering	04.09.2014
32.	Samarbeidsavtale Ørskog kommune og Ørskog Røde kors	19.08.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Ørskog kommune vart gjennomført 13.12.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 28.02.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Knut Helge Harstad	Ordførar	X	X	X	X
Synnøve Vasstrand Synnes	Rådmann	X	X	X	
Åse Karin Gjære	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Janette Osland Steinvik	Ass. rådmann				X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på overordna nivå i planstrategien.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2014, og skal etter planen reviderast i 18/19. Analysen er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar er noko fragmentert og kunne vore betre utgreidd. Kommunen har laga ein plan for oppfølging av funna i ROS analysen, men kunne vore tydelegare i prioriteringane for betre å kunne følgje opp avbøtande tiltak.

Innspel til revisjon av ROS-analysen:

Vi tilrår at kommunen tek ein gjennomgang av risikoakseptkriteria, og legg desse fram til politisk handsaming før ein går inn i analysearbeidet på nytt. Samtidig vert det vert viktig å vurdere om dei utfordringane ein er mest bekymra for er med i analysen. For nokre av delanalysane i eksisterande ROS-analyse ser det ut til at det ikkje er samsvar mellom kommunen sine vurderingar, og dei grunnlagsdata som ligg tilgjengeleg. Dette gjeld spesielt for tema knytt til naturfare.

Beredskapsplanen er sist revidert i november 2017, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øve og evaluerer øvingar, men har ikkje hatt hendingar sidan førre tilsyn. Kommunen har faste rutinar for møter i beredskapsrådet, men ikkje for kriseleinga.

Potensialet for forbedring ligg i å lage prioritert handlingsplan etter funn i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava. Lage årshjul for beredskapsarbeidet, og varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel heilt og fullt flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknader.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1 – ROS-analyse

Kommunen bør:

- Revidere delanalysane knytt til naturfare og nytte eksisterande datagrunnlag som ligg føre.
- Beskrive/dokumentere betre korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Lage prioritert handlingsplan for oppfølging av funn i ROS-analysen.
- Forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen(samfunnsdelen).

Merknad nr. 2 - Beredskapsplanverk

Kommunen bør:

- Revidere beredskapsplanen for betre å stette krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. plan for kriseinfo til tilsette.
- Revidere beredskapsoversynet med å ta inn eit eige punkt som beskriv rutinar for evaluering av både øvingar og hendingar for betre å kunne stette forskiftskrava.
- Vurdere å flytte alt av varslingslister og ressursoversiktar til CIM.
- Revidere beredskapsplanen ved neste korsvegen med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen, for betre å imøtekomme forskriftskrava.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Ørskog kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.